



Medlem Ål kyrkjelege fellestråd

MØTEBOK

FRÅ FELLESTRÅDSMØTE

Stad: Ål kyrkjestugu

Tid: Onsdag 16. juni kl. 19.30 – 21.30

Til stades: Torfinn Slåtto, Else Karin Veslegard,
Solveig Vestenfor, Arild Øystese Hansen, Einar
Brattegard, Birger Bolstad, Wenche Smestad.

Arne Jensen møtte for Sveinung Hansen.

Medlem	Varamedlem / Tilskrivar
<i>Sveinung Hansen</i>	<i>Vigdis Moen Storhaug</i>
<i>Einar Brattegard</i>	<i>Liv Margit Sørboen</i>
<i>Arild Øystese Hansen</i>	<i>Anne Kjersti Frøyen</i>
<i>Else Karin Veslegard</i>	<i>Liv Solberg</i>
<i>Torfinn Slåtto</i>	<i>Jorun Teksle Gurigard</i>
<i>Birger Bolstad</i>	<i>Laila-Merete Knaldre</i>
<i>Wenche Smestad</i>	<i>Vigdis Vedvik Gåsterud</i>
<i>Solveig Vestenfor</i>	<i>Ole Egil Trinrud</i>
	<i>Ordførar</i>
	<i>Rådmann</i>
	<i>Tilsette</i>

Orienteringssaker:

Postliste

Rønnings legat

Søknad om 250 000 i diakonimidlar frå rDnk

Ny organisering av kyrkja. Prostifellesråd eller vertsfellesråd – Prosess for Hallingdal

Arbeidet med ny kyrkjeleg organisering. Rundskriv frå Tunsberg arbeidsgiverforum (Vedlagt)

Utsifting av koblingsskap, brannalarm i Ål kyrkje

Det blir lagt føringar frå rDnk og KA om korleis ein skal gå fram med strauming av gudstenster. I samband med «Digital kyrkje» bør me ta inn det som eigen budsjettpost frametter.

Sakliste:

Sak 19/21 Godkjenning av innkalling og sakliste
Vedtak: Innkalling og sakliste vart godkjent.

Sak 20/21 Godkjenning av møtebok frå 19. mai
Vedtak: Møtebok frå 19. mai vart godkjent.

Sak 21/21 Finansiering av «Etter skuletid» skuleåret 21/22
Framlegg til vedtak:
Dersom fellesrådet får midlar frå Ål kommune til delfinansiering av «Etter skuletid» som omsøkt, finansierer Fellesrådet arbeidet frå gjevarkontoen i skuleåret 21/22.

Om finansieringa går i orden blir det oppretta ein 10% stilling for Kristine G Andersen i tida 23. august – 20. juni.

Vedtak:

Som framlegget, samrøystes.

Sak 22/21 Kommunale løyvingar til drift og investering 2022

Framlegg til vedtak:

Fellesrådet drøftar behovet for drift og investering med tanke på vedtak i sak om kommunale løyvingar i neste møte.

Vedtak:

Fellesrådet drøfta behovet for drift og investering. Signala blir teke med i budsjettarbeidet for 2022 og 4-årsperioden 2022 – 2025

Sak 23/21 Møteplan for hausten 2021

Framlegg til møtekalender for sokneråd og fellesråd i Ål:

Dato / tid	Møte	Merknad
Onsdag 25. august Kl. 17 – 19 Kl. 19.30 – 21.30	Fellesrådsmøte Soknerådsmøte	NB: Fellesrådsmøtet blir lagt fyrst denne dagen!
Måndag 30. august	Informasjonmøte ny kyrkjeleg organisering	Torpomoen !
Tysdag 21. september Kl. 17 – 19 Kl. 19.30 – 21.30	Soknerådsmøte Fellesrådsmøte	
Måndag 11. oktober Kl. 09.00 -	Fellesmøte fellesråd og formannskap Påfylgjande fellesrådsmøte	Drøfting ny kyrkjeleg organisering på prostinivå.
Tysdag 12. oktober	Drøftingsmøte ny kyrkjeleg organisering	Torpomoen !
Tysdag 19. oktober Kl. 18.00 – 19.30 Kl. 19.30 -	Fellesmøte sokneråd, fellesråd og lokale bispedømmerårsrepresentantar Soknerådsmøte	Drøfting ny kyrkjeleg organisering på lokalt nivå.
Onsdag 17. november Kl. 17 – 19 Kl. 19.30 – 21.30	Soknerådsmøte Fellesrådsmøte	Høyrings svar ny kyrkjeleg organisering
Onsdag 15. desember Kl. 17 – 19 Kl. 19.30 – 31.30	Evt. Soknerådsmøte Evt. Fellesrådsmøte	

Famlegg til vedtak:

Fellesrådet vedtek møteplanen slik den ligg føre.

Vedtak:

Som framlegget, med fylgjande merknad:

Samtlege medlemmar i dei kyrkjeleg råda i Ål vil bli invitert til både informasjonsmøte den 30. august, og drøftingsmøte den 12. oktober om ny kyrkjeleg organisering.

NB: Begge møtene om ny kyrkjeleg organisering startar kl. 18.30 og blir på Torpomoen.

Sak 24/21 Evaluering og sluttrapport for Kafè Tid

Framlegg til vedtak:

Ingen framlegg ligg føre.

Vedtak:

Det vart sett ned ei arbeidsgruppe som består av Else Karin Veslegard, Einar Brattegard, Arild Ø Hansen og Torfinn Slåtto. Mandatet er å arbeide fram eit framlegg til sluttrapport for prosjektet Kafe TID med intensjon om å legge dette fram for fellesrådet på neste møte. Rådet gav nokre innspel til dette arbeidet.

Sak 25/21 Førespurnad frå Den polsk-katolske menighet om leige av Ål kyrkje laurdagar haust 2021 og vår 2022.

Vedtak:

Den polsk-katolske meinghet får leige kyrkja dei aktuelle laurdagane så sant kyrkja er ledig. Kyrkjetenar må vera tilstades når kyrkja blir leigd ut til slike føremål. Dette blir innarbeida i arbeidsplan for kyrkjetenar. Fellesrådet kjem attende til leigesatsane i samband med budsjett 2022.

Sak 26/21 Revisjonsrapport for 2022.

Revisjonen har konkludert med at rekneskapen er i samsvar med lov og forskrifter og gjev ein dekkande framstilling av rekneskapen for Ål kyrkjelege fellesråd pr 31. desember 2020.

Medfylgjande revisjonsbrev inneheld fem merknader for oppfylgjing.

Vedtak:

Fellesrådet tek revisjonsrapporten og medfylgjande revisjonsbrev til etterretning.

